

Innovasjonscamp 2019

– Haram kommune



Tema: Du er ein del av beredskapen i Noreg

- Eigenberedskap

Når samfunnet blir ramma av ei stor hending eller krise, er det mange som treng hjelp.

Dersom fleire av oss er i stand til å ta vare på oss sjølv og dei rundt oss ved ei hending, kan hjelpa setjast inn der behovet er størst. På den måten er du ein del av beredskapen i Noreg.

Bakgrunn: Verdas tryggaste

- og likevel sårbar

Vi lever i eit trygt og stabilt samfunn der vi er vane med at det meste fungerer som det skal.

Livet i Noreg er likevel heilt avhengig av blant anna straum, vatn og internett – og nettopp det er den største sårbarheita vår.

Uvær, naturhendingar, sabotasje, tekniske problem, terror eller krigshandlingar kan føre til at mange mister til dømes straum eller vatn, og at det kan bli vanskelegare å få tak i nødvendige varer.

Derfor ber styresmaktene alle husstandar i Noreg om å ta nokre enkle grep for å betre sin eigen beredskap. I heftet «Du er ein del av beredskapen i Noreg» finn du dei grunnleggjande tinga du bør ha tenkt gjennom, og konkrete døme på korleis du kan klare deg sjølv i minst tre dagar ved ei hending.



Innovasjonscamp 2019

– Haram kommune



Oppgåve

> Del 1:

Faktainnhenting. Gå gjennom brosjyra «Du er ein del av beredskapen i Noreg» samt relevant informasjon på nettsida www.sikkerhverdag.no. Kva er dei offentlige råda for kva eigenberedskap ein skal ha i heimen?

> Del 2:

Sette saman ein beredskapspakke til ein familie på 4. Haram kommune kan låne ut ein del utsyr. Elevane kan og bruke utsyr dei har i heimen. Anna utsyr kan kjøpast inn av elevane på Extra Brattvåg, Brattvåg Båt og Fritid og Sport 1 Brattvåg. Alle innkjøp må vere klarert med Haram kommune på førehand.

> Del 3

Elevane skal lage ein laminert rutine/plakat for korleis ein skal vedlikehalde/teste innhaldet i beredskapspakka. Den skal også innehalde konkrete råd om korleis ein skal opptre under ei krise

> Del 4

Elevane kan lage ein informasjonsfilm om temaet. Filmen skal ikkje vere på meir enn 2 minutt og skal kunne kan nyttast på Haram kommune si side på facebook. Filmen kan nyttast som ein del av presentasjonen.

Elevane skal kort:

- presentere temaet
- forklare kvifor ein bør ha god eigenberedskap
- vise døme på ei bereskapspakke i heimen
- forklare kvar ein kan finne meir informasjon

A white rectangular poster with a thin black border. Inside, the text "Du er ein del av beredskapen i Noreg" is written in a large, blue, sans-serif font, with "beredskapen i Noreg" being slightly larger. Below this, in a smaller blue font, is the text "RÅD OM EIGENBEREDSKAP".

Du er ein del av
beredskapen i Noreg
RÅD OM EIGENBEREDSKAP